

ÅRSRAPPORT 2023 – GU17/GU19



Lag:	GU17/GU19
Tal spelarar:	21

Trenarar:	Bernt Humberset Gaute Gaudestad
Kontaktper son:	Hanne Elin Harnes

Turneringar / seriespel:

Vinteren 2023 deltok vi på serieturneringar for GU17 med 2007-2006 modellane.

Hausten 2023 har vi deltatt i GU19 serien fordi der ikkje er motstandarar på GU17 i Møre og Romsdal. Dette har ført til at 2005 og 2008 modellane også har blitt med på laget, fire årsskull på same lag. I tillegg har vi deltatt på GU17 turneringar med 2008 og 2007 modellane.

Spelarar frå laget var også med på NM19 i Bergen (mars), NM17 i Tromsø (april). I tillegg var ni av spelarane med på regionslaget, og spelte NM for regionslag i Oslo i januar. Nokre av 2008 modellane var også med på NMU15 i Stavanger i april.

Fleire av spelarane spelte fleire turneringar med sandvolleyball i Møre og Romsdal i løpet av mai-august. Vi var godt representerte på NM i Sandvolleyball i juli i Oslo, også der med gode plasseringar.

Fleire av splarane spelar også på herre 1 og herre 2. Det har difor vore mykje kampar for fleire av 2005, 2006 og 2007 modellane

Treningar:

Med mange spelarar på trening vinteren 23 var banekapasitet og trenarkrefter ei utfordring. Hausten 23 har dette endra seg. Vi har delt laget i to. Halve laget trenar med herrelaget 2. div., og halve laget trenar med GU17/GU19. Vi har 4 treningar i veka. I tillegg er mange spelarar aktive på styrkerommet på VCA.

Spelargruppa har utvikla seg svært godt.

Spelarar

Spelargruppa består per dato av 5 stk 2008-modellar, 12 stk 2007-modellar, 4 stk. 2006-modellar og 2 stk. 2005-modellar. Vi har no ein miks av svært rutinerte og nokre noko uerfarne spelarar. Nokre har gjort seg bemerkta på regionslag også hausten 2023. I tillegg til regionslaget i sandvolleyball våre 2023. Ein av gutane vart også tatt ut på ungdomslandslaget hausten 2023, og var med på NVSA. Til regionslags-NM U16 i 2024 har laget med 3 spelarar.

Fleire av spelarane på laget har også dommar1 – eller dommar2-kurs.

Mål / kva har vi gjort?

Eit av måla våre sidan oppstart har vore å jobbe med det sosiale i gruppa. Vi har difor arrangert til dømes kveldsmat etter trening, pizza på spelarmøte med meir. Dette vil vi halde fram med i 2024. Vi har også då eit mål om å arrangere sosiale tiltak som til dømes paintball eller liknande.

Det har vore ei målsetjing om at også dei eldste og mest erfarne GU17-spelane skulle få tilbod om å spele 2. div. Dette har dei no fått erfaring med i snart to sesongar. Halve laget spelar både på KFUM Volda 1 og KFUM Volda 2.

Også målsettinga om meir fokus på sandvolleyball har i stor grad vore oppnådd. Mange av spelarane våre var med på opne samlingar i sandvolleyball og 4 gutar vart tatt ut til regionslaget sitt NM i Rogaland. Fleire og fleire har deltatt på turneringar også her i 2023.

GU17/GU19 er heldige og har ei fantastisk foreldregruppe som tek initiativ, heier, støttar og hjelper til.

Måla for våren og sommaren 2024 kan summerast opp slik:

- Stabilisere spelargruppa på minst 15 spelarar
- Tilby minimum 3 økter trening per veke
- Topp 10 under NM17 i Haugesund
- Ha med minst 3 lag i NM i sandvolleyball

ÅRSRAPPORT 2023 – JU13



Lag:	JU13
Tal spelarar:	13

Trenarar:	Kim Andre H. Svendsen Shiva Zeiner Henriksen
Kontaktper son:	Silje Rostad Gangstad

Turneringar / seriespel:

Vinteren 2023 var spelarane på mini 1.-4. klasse, med Gaute Gaudestad og Anders Rudolf Solheim som trenarar. Dei deltok då på nokre miniturneringar i Volda og på ei turnering på Blindheim. Hausten 2023 starta vi med jente 13, og deltok på miniturnering i Volda, nivå 3 og nivå 4.

Treningar:

Hausten 2023 starta vi opp med JU13, for 2012 og 2013 modellane. Vi har i løpet av hausten blitt ei spelargruppe med 11 jenter født 2012 og to jenter født 2013. Vi har trening måndagar på Volda Campus Arena, med Kim Andre som trenar og Hanne Elin Harnes som hjelper. Vi har også treningar torsdagar på Bratteberg skule med Shiva som trenar, og med Hanne Elin som hjelper.

Vi har trent mest på nivå 3 og nivå 4, men har i løpet av hausten 2023 også trent på å spele seksar. Jentene har utvikla seg mykje på kort tid, og begynner no å få god kontroll på plassering på bana og på kven som har ansvar for mottak, opplegg og avslutning. Dei har også utvikla seg i stor grad på serve.

Spelarar

Spelargruppa består per dato av 2 stk. 2013-modellar og 11stk. 2012-modellar.

Mål / kva har vi gjort?

Eit av måla våre har vore å jobbe med det sosiale i gruppa. Vi har difor arrangert sosial kveld knytt til Halloween med pizza og muffins, med Halloweentrening først. Vi



har også hatt nissetrening, med juleavslutning etterpå. Dette vil vi halde fram med også i 2024, for å bygge det sosiale miljøet i gruppa.

Mål for våren 2024 er også å trene meir på seksar, og stille på U13 turnering med nokre av spelarane. I tillegg ønsker vi å melde på lag på miniturneringar med nivå 3 og 4 ei stund til.

ÅRSRAPPORT 2023 – JU15



Lag:	JU15
Tal spelarar:	23 stk

Trenarar:	Arne Humberset Tommy Ervik Ragnhild Kile
Oppmann:	Arne Humberset Tommy Ervik Ragnhild Kile

Turneringar / seriespel:

Hausten 2023 var JU15-laget vårt ei gruppe av spelarar fødde 2011-2010-2009. Jentene var med på alle serieturneringar i J15-klassa, samt ei turnering i Førde for JU17.

I sesongen 2023/24 var også fleire av jentene representerte på Møre og Romsdal sitt regionslag.

Treningar:

JU15-jentene har hatt 2 treningar i veka, tysdag og torsdag. I tillegg har nokre spelarar spurt om å få hospitere med JU17 og gjer det regelmessig.

Det er stor nivåforskjell i gruppa. Det er difor fint med fleire i trenerteamet. Vi har hatt mykje fokus på å lære system, både 2-leggar og 1-leggar-system. Det er difor fint å ha to treningar i veka og to baner til treningane.

For dei meir uerfarne spelarane, er det meir fokus på basisteknikk, men også dei meir erfarne treng terping på grunnslaga. Trenerteamet prøver å få til ein god mix av øvingar der ein isolerer ulike faser/slag og spel med 6 mot 6.

Spelarar

Hausten 2023 består JU15-laget av spelarar f. 2011, 2010 og 2009. Det betyr at vi har ein spelarstall på opp mot 23 spelarar og har difor ikkje gått aktivt ut for å rekruttere nye. Det har derimot komt til nokre nye spelarar også i sesongen 2023/24.

Mål / kva har vi gjort?

Laget har to foreldre som syter for sosial kveld to gongar i halvåret. Desse kveldane er viktige for å gjere spelarane trygge på kvarandre og møtast på tvers av alderskull. Vi ser på desse kveldane som veldig verdifulle og noko som ein må halde fram med.

JU15-har i 2023 stort sett spelarar frå Volda og Ørsta, så det er ikkje lenger så utfordrande med treningstider opp mot ferje og buss. Treningstidene tysdag og torsdag har, så vidt trenerteamet ser, fungert godt for alle spelarar og trenarar.

Mål for 2024:

- Delta på RM15 og gjennom dette kvalifisere oss til NM15.
- Få fleire spelarar med på regionslag for Møre & Romsdal.
- Stille to lag i turneringane våren 2024 og på Blindheimscup 2024.
- Vere representerte på opne samlingar i sandvolleyball våren 2024.
- Ha med 2 lag i NM i sandvolleyball sommaren 2024.

ÅRSRAPPORT 2023 – JU17



Lag:	JU17
Tal spelarar:	18

Trenarar:	Kristin Bakke Sæterås Rune Bernås Bernt Humberstet Charly Perez
Kontaktperson:	Siv Heidi Osvoll Kari Melle

Turneringar / seriespel:

Laget har delteke på alle aldersbestemte serieturneringar som har vore arrangert i 2023, i nokre tilfelle med eitt lag og andre gongar med to.

- Vinteren 2023 deltok vi på serieturneringar for JU17 med 2006- og 2007-modellane, i tillegg til nokre spelarar fødde 2008-2009.
- Hausten 2023 deltok vi på serieturneringar for JU17 med 2007- og 2008-modellane, i tillegg til nokre spelarar fødde 2009.

Under RM i Molde i januar vart dei nummer 3, og kvalifiserte seg då dessverre ikkje til NM dette året.

Spelarar frå KFUM Volda Volleyball var med på NM for regionslag i Oslo, og seinare på regionslags-NM i sandvolleyball.

Fleire av spelarane spelte fleire turneringar med sandvolleyball i Møre og Romsdal i løpet av våren og sommaren. Vi var godt representerte på NM i Sandvolleyball i juli i Oslo, og stilte der med heile fire lag frå JU17. Det eine laget kom heilt til finalen og sikra ein sølvmedalje (Birte Krumsvik med Blindheimsmakker Cathrine Hjeltnes, som også er tilknytt KFUM Volda). I tillegg spelte nokre frå laget i JU15 og JU19-klassene i same turnering.

Treningar:

Laget har tre treningar i veka – måndag, onsdag og torsdag. Trenarar for laget var Øystein Hovlid og Vladislav Todorov i vårsesongen 2023. Frå haustsesongen 2023 overtok Kristin Bakke Sæterås og Rune Bernås treningane. I tillegg er Bernt Humberstet og Charly Perez ein del av trenarteamet.

Spelarar

Våren 2023 hadde laget med to spelarar fødde i 2006 og elles spelarar fødde i 2007 – 2009. Frå hausten 2023 består laget av ein stor del 2007-modellar. 2008-modellane har no starta på laget, i tillegg til 2(3) 2009-modellar som har vore med i fleire år.

Laget er ein miks av svært rutinerte spelarar og nokre med mindre erfaring. Fleire av spelarane på laget er også tilknytt elitelaget.

Status på spelarar ved utgangen av 2023 var slik:

- 3 stk 2009-modellar
- 5 stk 2008-modellar
- 10 stk 2007-modellar

Mål / kva har vi gjort?

Det har vore eit mål å arrangere sosiale samlingar for laget, men det har ikkje blitt så mykje som ein har tenkt. Vi har likevel hatt samlingar med kveldsmat og sosialt for laget både i vårsesongen og haustsesongen. På tampen av 2023 deltok laget på turnering på Averøya, og slike samlingar med felles overnatting er positivt for det sosiale i gruppa. At så mange spelarar og foreldre var samla på sandvolleyball-NM var også positivt for gruppa. Det er behov for å ha det kjekt saman utanom treningar og turneringar, så dette må vere ei målsetning for 2024.

Laget har hatt dugnadar med flaskepanting og sal av tennbrikettar

Mål for våren og sommaren 2024 kan summerast opp slik:

- Sosiale samlingar for å bygge lag utanom treningar
- Tilby 3 økter trening per veke
- Topp 10 under NM17 i Haugesund
- Etablere eit godt treningstilbod for dei som går ut av JU17 etter vårsesongen 2024 (2007-modellane)

ÅRSRAPPORT 2022 – Mini 1.-2. klasse



Lag:	Mini 1.-2. klasse
Tal spelarar:	Vårsesong : 10 spelarar Haustsesong: 11 spelarar

Trenarar:	Øystein Rønningen og Audun Hoel
Oppmann:	

Turneringar / seriespel:

Vårsesongen deltok vi med 3 lag i turnering i Volda og 1 lag på Blindheimscup. Haustsesongen har vi delteke med 2 lag i turneringa i Volda

Treningar:

Trening kvar måndag 17-18 i aktivitetssal 1 i VCA.

Spelarar

Spelarane i vårsesongen var frå årskulla 2015 og 2016.

- 1. klasse (2016): 5 stk (3g/2j)
- 2. klasse (2015): 5 stk (1g/4j)

Spelarane i haustsesongen er frå årskulla 2016 og 2017.

- 1. klasse (2017): 1 stk (0g/1j)
- 2. klasse (2016): 10 stk (6g/4j)

Mål / kva har vi gjort?

Fokus har vore på leik og grunnleggande ballbehandling. Første del av treninga har vore sett av til fri leik, så har resten blitt brukt på ulike organiserte leikar og litt tekniske øvelsar med fokus på ballbehandling. Det har på dei fleste treningar vore 9-10 stk.



ÅRSRAPPORT 2023 – GU 13

Lag:	GU13
Tal spelarar:	11 (haust 23)

Trenarar:	Bjørnar Myklebust Hunnes, Bjørg Keilen, Hanne Botnen
Oppmann:	Kjersti Straume/Eli-Karin Sjåstad Åsebø

Turneringar / seriespel:

Våren 2023 deltok laget på turnering

Hausten 2022 har vi stilt på ei turnering i Volda (29.10)

Treningar:

GU13- har hatt ei trening pr veke (torsdagar 18:30-19:30)

Spelarar

Våren 2023 var GU 13 – laget ei gruppe spelarar fødde 2010 og 2011 (?)

Hausten 2023 var GU13-laget ei gruppe av spelarar fødde 2012 og 2013. Eit par fødde 2011 har også vore med på ein del av treningane.

Mål for 2023:

- Delta på turnering på Ellingsøy 13 januar, og i Volda 4. februar og 3. mars